

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 22.2.2019
Stad: Geilo, Vestlia Resort

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Petter Rukke,	Hol kommune
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Heidi Granli,	Gol kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Forfall:

Tore Haraldset,	Nes kommune
-----------------	-------------

Desse møtte frå administrasjonen

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
Ulrikke Ytteborg, rådgjevar (sak 13 -16)

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:

Iselin Haugo, fylkeskontakt
Anne Sandum, fylkeskontakt
Kjersti Bærug Hulbakk, regionkontakt

Desse møtte frå rådmannsutvalet

Ole Johnny Stavn,	Hol kommune
Tone Tveito Eidnes,	Ål kommune
Jan Olav Helling,	Hemsedal kommune
Ole Jørgen Hallingstad,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

SAK 11/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 1.2.2019

Vedtak

Protokollen 1.2.2019 er godkjent.

SAK 12/19 VIDAREUTVIKLING AV HALLINGHELSE, FØREBELS ORIENTERING

I sak 19/18, Evaluering av Hallinghelse gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:
*«Regionrådet ber rådmannsutvalet oppnemne ei arbeidsgruppe med representantar frå kommunane og Hallingdal sjukestugu. Buskerud fylkeskommune skal også inviterast inn i arbeidet. Arbeidsgruppa får fylgjande mandat:
Arbeidsgruppa skal planleggje ei vidareføring av Hallinghelse til eit kompetansesenter for helse og omsorg i Hallingdal. Arbeidet skal omhandle både organisering, finansiering og aktuelle faglege samarbeidsområde. Arbeidet skal slutførast innan 1. febr. 2019 og leggjast fram for Hallingtinget våren 2019.»*

På bakgrunn av vedtaket oppnemnte Rådmannsutvalet ei arbeidsgruppe. Til grunn for arbeidet låg evalueringsrapporten om Hallinghelse. Denne konkluderte med at Hallinghelse skal vidareførast og vidareutviklast.

I saka deltok representantar frå Helse- og omsorgsleiarforum i Hallingdal og arbeidsgruppa for vidareutvikling av Hallinghelse. Rapport frå arbeidsgruppa vart presentert av Øystein Lappegard, samhandlingsleiar i Hallinghelse og sekretær i arbeidsgruppa, med hovudvekt på status, framtidige arbeidsoppgåver, gevinstrealisering og ressursbehov og organisering. Vedlagt presentasjon.

Forslag til vidareutvikling av Hallinghelse skal presenterast i dei einssilde kommunestyra og leggjast fram som sak for Hallingtinget 3.mai 2019.

SAK 13/19 VIKEN – DISTRIKTSKONTOR HALLINGDAL

Dagleg leiar orienterte kort om grunnlagsdokument, Viken – distriktskontor i Hallingdal. Det var ei grundig drøfting av grunnlagsdokumentet med innspel til konkret innhald og formuleringar. Grunnlagsdokument er eit «levande» dokument som dagleg leiar skal arbeide vidare med, og som skal sendast Regionrådet til gjennomlesing i løpet av veke 10.

SAK 14/19 SLUTTRAPPORT BYREGIONPROGRAMMET

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal tek sluttrapport Byregionprogrammet til orientering.

SAK 15/19 LIVSKVALITET, ORIENTERING STATUS OG FRAMDRIFT

Dagleg leiar orienterte om status for prosjektet Livskvalitet Hallingdal, der Hallingdal er pilot i Norge, i forhold til innbyggjarundersøkinga. Vedlagt presentasjon. Sjølve innbyggjarundersøkinga skal gjennomførast av SSB i veke 14 og 15.

SAK 16/19 EVENTULET

Norsk reiselivsfagskole

Ulrikke Ytteborg og Knut Arne Gurigard orienterte om status for Norsk Reiselivsfagskole. Søknad om godkjenning blir sendt frå fagskula Tinius Olsen til NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga) innan 1.mars. Målsetting er skulestart september 2019. Vedlagt eigen brosjyre.

Regionrådet, rådmannsutvalet og Buskerud fylkeskommune takka av Ulrikke Ytteborg som går over i ny jobb i E-CO.

Hallingdal 1.3.2019

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar



Vedlegg: Sak 12/19, presentasjon vidareutvikling av Hallinghelse
Sak 15/19, presentasjon Livskvalitet, orientering status og framdrift
Sak 16/19, brosjyre Norsk Reiselivsfagskole